

## ETNE KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Måndag 7. februar 2022 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leing av utvalsleiar Tollef Rullestad.

|   |   |
|---|---|
| <b>MØTESTAD:</b>                          | Etne tinghus, formannskapssalen   |
| <b>MØTESTART/-SLUTT:</b>                  | kl. 15.00 – kl. 16.00   |
| <b>MØTANDE MEDLEMER:</b>                  | Tollef Rullestad (Ap), Nina Vierdal Vee (Sp), Øyvind Kaldheim (Krf) og Ragni Sunniva Fett (V) |
| <b>FORFALL:</b>                           | Kjetil Winterthun (Frp) og 1. vara Andreas Grumheden (Ap) – kort varsel                       |
| <b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>                | Ingen   |
| <b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>           | Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS                     |
| <b>FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS MØTTE:</b> | Statsaut. revisor Deanne Kvammen  |
| <b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>        | Kommunaldirektør Bjørn Tollefsen og økonomisjef Filippo Ballarin                              |
| <b>ANDRE SOM MØTTE:</b>                   | Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)  |
| <b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>          | Ingen   |
| <b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>            | Ingen   |

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### **SAK 01/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.11.21**

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 08.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 07.02.22:**

Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.22:**

*Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 08.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 02/22 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM FORUM FOR OPPVEKST I SUNNHORDLAND**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av KPMG sin rapport «Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)» til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 07.02.22:**

Kommunedirektøren viste til den skriftlege tilbakemeldinga som var vedlagt saka. Utvalet meinte det var ei god tilbakemelding og hadde ingen merknadar.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.22 og innstilling til kommunestyret:**

*Etne kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av KPMG sin rapport «Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)» til orientering.*

## **SAK 03/22 TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «KONTRAKTS- OG LEVERANDØR-OPPFØLGING»**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Kontrakts- og leverandør oppfølging» i samsvar med vedlagte prosjektmandat/og med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 220 timar.

### **Handsaming i kontrollutvalet 07.02.22:**

Revisor Kvammen gjorde greie prosjektmandatet med føremål, dei fire problemstillingane og ressursbruken. Ordførar og kommunedirektør meinte det var eit godt og nyttig prosjekt.

Utvalet slutta seg til framlegget til prosjektmandatet utan merknadar.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.22:**

*Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Kontrakts- og leverandør oppfølging» i samsvar med vedlagte prosjektmandat.*

*Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 220 timar.*

## **SAK 04/22 REVISOR SINE RISIKO- OG VESENTLEGVURDERINGAR FORENKLA ETTERLEVINGKONTROLL FOR 2021**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval tar revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar for revisjonsåret 2021 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 07.02.22:**

Revisor Kvammen orienterte og viste ein presentasjon. Ho gjorde greie for bakgrunn og lovgrunnlag for denne kontrollen.

Kvammen viste døme på aktuelle område for ein etterlevingskontroll. Revisor meinte at etter deira vurderingar var offentlege anskaffingar det mest aktuelle tema i år.

Utvalet hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.22:**

*Etne kontrollutval tar revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar for revisjonsåret 2021 til orientering.*

## **SAK 05/22 PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN OG KOMMUNALE SELSKAP**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

23.05.22 .....  
19.09.22 .....  
14.11.22 .....

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

### **Handsaming i kontrollutvalet 07.02.22:**

Leiar innleia om saka. Medlemmene fremma å få orienteringar frå/om følgjande:

Øyane ASVO AS, Haugaland brann og redning IKS, velferdsteknologi innan helse- og omsorgstenesta og status for arkivsystem og samarbeidet med Interkommunal Arkiv i Hordaland IKS.

Medlemmene drøfta og blei einige om kven som skulle inviterast når.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.22:**

*Etne kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:*

23.05.22 Øyane ASVO AS  
19.09.22 Haugaland brann og redning IKS  
14.11.22 velferdsteknologi innan helse- og omsorgstenesta v/kommunedirektøren

1. møte 23 status for arkivsystem og samarbeidet med Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS v/kommunedirektøren

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

## **SAK 06/22 KONTROLLUTVALTET SIN ÅRSPLAN FOR 2022**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval godkjenner årsplan for 2022 (med evt. endringer/tillegg).

### **Handsaming i kontrollutvalet 07.02.22:**

Sekretær innleia og gjorde kort greie for planen. Utvalet slutta seg til framlegget slik det var lagd fram.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.22:**

*Etne kontrollutval godkjenner årsplan for 2022.*

## **SAK 07/22 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2021**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2021 (med eventuelle endringer som kjem fram i møtet).

### **Innstilling til kommunestyret:**

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2021 frå kontrollutvalet til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 07.02.22:**

Sekretær gjorde kort greie for meldinga. Han opplyste at utgiftene til møtegodtgjersle, kurs etc. var på 35 604 kr, og totale utgifter var på 821 084 kr. Utvalet merka seg at særleg utgiftene til revisjon var høgare enn budsjettert, noko som delvis kan forklarast med skifte av revisjonsselskap. Medlemmene slutta seg til framlegget, med oppdaterte rekneskapstal.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.22:**

*Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2021 med oppdaterte rekneskapstal.*

### **og innstilling til kommunestyret:**

*Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2021 frå kontrollutvalet til orientering.*

## **SAK 08/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 07.02.22**

1. Statusrapport pr. februar 2022
2. Kst. vedtak 09.12.21, sak 71/21 – søknad om fritak frå 2. vara Solveig Hetleflåt
3. Oversikt over kostnadene til kontroll og revisjon 2021
4. Tertialrapport pr. 31.12.21 frå Rogaland Revisjon IKS
5. Protokoll frå repr. møte i HIM IKS 02.12.21
6. Protokoll frå repr. møte i Haugaland Vekst IKS 10.12.21
7. Rogaland fylkeskommune v/kontrollsjef – forvaltn. rev. rapport «Haugalandspakken»
8. Haugesund Avis om fylkestingsbehandling av rapport i møtet 14.12.21, sak 131/21
9. Fylkestingets behandling og vedtak 14.12.21, sak 131/21
10. Forvaltningsrevisjonsrapport «Haugalandspakken»

**Handsaming i kontrollutvalet 07.02.22:**

Sekretær gjorde greie for status og sakene. Ordførar kommenterte kort revisjonsrapporten om «Haugalandspakken».

Sekretæren refererte frå den digitale konferansen til NKRF 2. – 3. februar. Utvalsleiar og sekretær skal delta på folkevaldopplæring på Solstrand hotell 15. – 16. februar. Invitasjon til FKT sin konferanse 8. – 9. juni i nærleiken av Gardermoen blir sendt ut snart.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.02.22:**

*Referatsakene 1 – 10 vert tatt til orientering.*

**YMSE**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

**Neste møte: måndag 23.05.22.**

**Saker:** orientering frå Øyane ASVO AS, kommunen sin årsrekneskap og årsmelding 2021 og forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2021.

Etne/Aksdal, 07.02.22

Tollef Rullestad  
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær